

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 21.02.2012
Sakhandsamar: Oddvard Nilsen
Saka gjeld: **Val av revisjonskomitè til styret i Helse Vest**

Arkivsak

2008/64/

Styresak 027/12 B

Styremøte 07.03. 2012

Forslag til vedtak

Styret oppnemnar følgjande styremedlemmer som representantar til revisjonskomiteen til styret:

....., leiar
....., medlem
....., medlem

Oppsummering

Med bakgrunn i val av nytt styre for Helse Vest RHF i føretaksmøtet 31. januar 2012 skal det veljast ny revisjonskomitè.

Fakta

Helse Vest RHF har sidan 2005 hatt ein ordning med kontrollkomitè. Kontrollkomiteen er eit underutval av styret og har som føremål å styrke styret sitt fokus på kontroll og tilsyn.

I tillegg har eigar i føretaksmøtet 24. januar 2006 presisert at alle medlemmene av styret, også dei som er valde av dei tilsette, kan vere medlemmer av kontrollkomiteen.

I føretaksmøtet 25. januar 2008 blei det protokollert følgjande:

*«Kontrollkomiteen i styret skal frå no av bli kalla "revisjonskomiteen til styret".
Revisjonskomiteen har eit særleg ansvar for styret sin kontroll og tilsynsfunksjon.
Revisjonskomiteen skal bestå av tre styremedlemmer og minst eitt av medlemmene skal ha kompetanse innan rekneskap eller revisjon.»*

Rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak, seier følgjande om revisjonskomiteen sitt arbeid:

«Revisjonskomiteen sitt arbeid er ein del av styret sitt tilsynsansvar. Revisjonskomiteen skal halde seg orientert om internrevisjonen sitt arbeid»